



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå fellesrådsmøte 9. mars 2023

Desse møtte: Ellen Brautaset Vatne (*leiar og repr. frå Ikornnes sokneråd*)
Torbjørn Støylen (*nestleiar og repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Therese Kristin Utgård Aas (*repr. frå Sykkylven sokneråd*),
Birgitte J.S. Bonesmo (*kommunal repr.*),
Knut Farstad (*2. vararepr. for geistleg repr.*)
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

Forfall: Bergljot Hjortdal (*repr. frå Ikornnes sokneråd*),
Svein Runde (*geistleg repr.*)
Simen E. N. Myklebust (*1. vararepr. for geistleg repr.*)

F-sak 5/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 6/23 Protokoll frå fellesrådsmøtet 12. januar 2023

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 7/23 Fastsetting av rekneskapet for 2022

Kyrkjeverjen og økonomiutvalet orienterte om eit svakt positivt resultat år 2022 på kr. 13.320,-.

Vedtak:

Fellesrådet tok dette til vitande og fastsette eit positivt årsresultat år 2022 med kr. 13.320,- som i si heilheit vert brukt til å redusere udekkja underskot tidlegare år frå kr. 13.320,- til kr. 0,-

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

F-sak 8/23 Årsrapport 2023

Fellesrådsleiaren og kyrkjeverjen orienterte om den framlagte rapporten.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd godkjente den framlagte årsrapporten 2022 med nokre få rettingar av etternamn og rolle.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 9/23 Gjennomgang av rekneskapet

Kyrkjeverjen orienterte om at prioriteringar knytt til manglande tid og uforutsette forhold gjorde at sakspapira til denne saka ikkje var utarbeidd.

Vedtak:

Dette kjem opp igjen som sak på neste møte.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

Orienteringssaker:

- Personalsituasjonen
- Investeringar og vedlikehald i 2022
- Fondsoppstilling 2022
- Personlege gåver til kyrkjelydane
- Status i saka om minnelund
- Presentasjon i kommunerådsmøte

Neste møte: 11.05.2023 kl. 15:00.

Sekretær:

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Sign.:

Leiar

Sign.:

Nestleiar